

## **REFERAT FRÅ MØTE FOR SKAULEN-ETNEFJELL VILLREIN-NEMND**

Møtet vart halde på Hotel Fugl Fønix i Etne 11.01.12 kl 18.30- 20.00.

### Desse møtte:

Seljestad Villreinlag:	Jan Ove Vintertun
Kyrkjenuten Reinsdyrlag:	Sverre Almenningen og Tor Egil Aarthun
Skaulen Reinsdyrlag:	Sverre Gustav Birkeland og Vegard Birkeland
Fjæra Reinsdyrlag:	Harald Fjæra
Bjønndalen – Midtre Etne Reinsdyrlag:	Steinar Grindheim
Vinjanuten Reinsdyrlag:	Nils Bjarne Vold

### Sakliste:

Sak 1/12 Arbeid med felles forvaltning, grunneigarorganisering og bestandsplan for området

Sak 2/12 Ymse

### Sak 1/12

Representantar for villreimområda i Skaulen/Etnefjell vart 11.01.12 enige om å skipa grunneigarorganisasjonen **Skaulen/Etnefjell villreinnemnd**.

Etterpå vart forvaltinga av reinsdyrstammane i dei ulike valda i området diskutert. I referatet frå møtet 15.12.11 tillyst av Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet er bestandsutviklinga beskriven. I fleire vald er det ei negativ og eller urovekkjande utvikling. Ut frå den situasjonen, vart det fatta følgjande vedtak:

*Skaulen/Etnefjell villreinnemnd søker Direktoratet for naturforvaltning på nytt om få setja ut tamrein.*

Grunngjevinga for det er at alle stammane byggjer på det, og at flokkane i stor grad har roa seg godt i sine område. Med det presset reinsdyrstamma i Noreg er utsett for i dag, er det svært verdifullt å ha levedyktige småflokkar spreidde rundt om kring.

I to av valda er situasjonen svært trugande. Stammane er ikkje berekraftige. Dersom det ikkje blir tilført nye dyr vil stammane døy ut av seg sjølv i løpet av kort tid.

På grunn av desse problemstillingane, ser ein føre seg slik prioritering når det gjeld utsetjing av nye dyr:

- *I Bjønndalen og Midtre –Etne bør det så snart som råd er setjast ut 4 simler og ein bukk.*
- *I Vinjanuten bør det så snart som råd er setjast ut 6 simler og ein bukk.*
- *I Skaulen bør det så snart som råd er setjast ut 5 simler og 2 bukkar.*
- *Dei andre områda vil ein komma tilbake til etter kvart.*

### Sak 2/12

Ingen saker.

Suldalsosen 24.01.12

Nils Bjarne Vold

-skrivar-

----- Opprinnelig melding -----

**Emne:**SV: [SPAM?] Reff. frå Viltnemnda

**Dato:**Mon, 26 Mar 2012 12:33:37 +0000

**Fra:**Silje Ljøterud Bergan <[Silje.Ljoterud.Bergan@lr.no](mailto:Silje.Ljoterud.Bergan@lr.no)>

**Til:**'[post@vikane.no](mailto:post@vikane.no)' <[post@vikane.no](mailto:post@vikane.no)>

**CC:**Olav H. Opedal <[olav@opedal.info](mailto:olav@opedal.info)>

Hei Nils Bjarne.

Jeg og leder i villreinnemnda Olav H. Opedal hadde 14. mars møte med DN vedr ulike tema, og tiltak i deres områder var ett av disse temaene.

DN var klare på at en ny søknad om utsetting av tamrein ikke ville nå fram, de hadde tidligere avslått slik søknad , men de hadde ingen merknader til at dere kan sette ut villrein.

DN vil midlertidig ikke støtte slike tiltak økonomisk. Villreinutvalet for Skaulen – Etnefjell må derfor undersøke mulighetene for dette med andre aktuelle villreinutval, og vurdere andre finansieringskilder. FM/FK har midler til vilttiltak, kommunale viltfond for eksempel. Fellingsavgiftsmidlene for Skaulen – Etnefjell det enkelte år er ikke mye, men kan dekke noe av arbeidet dere har med å undersøke dette.

Dersom dere kommer i dialog med andre aktuelle villreinutval (Hardangervidda, Nordfjella, Setesdal o.l ) om innfanging og flytting av villrein, så kan det være besparende dersom dette kan gjøres i forbindelse med andre overvåkingstiltak i disse områdene, Gps – merking, tellinger.

Med vennlig hilsen

Silje Ljøterud Bergan  
Sekretær i villreinnemnda for Hardangerviddaområdet